



Referat frå 3. møte i delprosjekt P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

Dato: 18.8.2017
Tid: 13:00 til 15:30
Møteleiar: Kari Grindvik
Stad: Skodje Rådhus
Frammøtte: Irene Kalstad Aase, Frode Andresen, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Elin Moen, Geir Skodje, Mads Solberg, Øystein Tvedt,
Forfall: Nils Magne Abelseth, Åse Kristin Bakke, Kim André Breivik, Helene Børretzen Fjørtoft, Trine Otterlei, Synnøve Synnes, Geir Stenseth, Bente Glomset Vikhagen

1. Drøfting av arbeidsplan

I høve til styringsdokumentet for samanslåinga skal forslag til politisk organisasjon (primært utvalsstruktur), for nye Ålesund kommune være klart før utgangen av 2017. Den nye kommunen skal i høve til avtalen ha ein formannskapsmodell. Når det gjelder utvalsstruktur seier intensjonsavtalen for nye Ålesund følgjande: «Intensjonsavtalen opnar for at det kan vere formålstenleg med hovudutval/komitear/utval på overordna politisk nivå som i hovudsak får gjennomgåande representasjon. Dette er fundamentert i tanken om å sikre likeverdige tenester og ei samordning av fagmiljø. Dersom vi skal ha hovudutval må dette organiserast på same måte som strukturen i den nye administrasjonen. Dette for å sikre god samordning mellom politikk og administrasjon. Dette er ei sak fellesnemnda får i oppgåve å utgreie nærare.»

Basert på mandatutkasta blir delprosjekt P2 mest sannsynleg tildelt mandat til å utreie dette arbeidet ved møtet i Fellesnemnda 24.8. Det betyr at gruppa må prioritere arbeidet med ei innstilling på dette. Samstundes må vi gjere refleksjonar rundt kommunedelutval, brukardemokrati, og andre typar medverknadsformer, slik at vi setjar av plass til at desse organa kan operere effektivt innanfor den nye politiske modellen vi innstiller på.

Eit alternativ er å ha hyppigare møter, og/eller delegere oppgåver til arbeidsgrupper som ser nærare på relasjonen mellom nærdemokrati-organ og den overordna politisk strukturen.

I høve til den føreslåtte møteplanen er det lagt opp til at vi fortsetter diskusjonen omkring utvalsstruktur på neste møte (15.9), der vi også ser på alternative modellar frå andre kommunar, både i Noreg og andre kommunar i Skandinavia. Det er ynskjeleg at vi i møtet i oktober (13.10) inviterer inn gruppeleiarar frå lokallaga i alle dei fem kommunane på ei høringsrunde, der vi trekker med deira erfaringar og partiperspektiva med i den vidare prosessen.

Eit endeleg forslag til ny politisk modell bør være klart til innstilling i Fellesnemnda sitt møte i november (16.11).

Solberg informerte også om at eit nytt prosjektstyringsverktøy, Prosjektportalen (sjå til dømes: <https://www.puzzlepart.com/prosjektportalen-2-tilgjengelig/>), som mest sannsynleg skal takast i bruk om ikkje så lenge på tvers av heile prosjektorganisasjonen (og moglegvis seinare i heile nye Ålesund). Den vidare dokumentasjonen for P2 kan skrivast rett inn i denne. Det vil si at prosjektet får ei portefølje- og oppgaveoversikt, der ein kan fylgje med på progresjonen i den einskilde arbeidsoppgåvene, og synleggjere status for delprosjektet på ein mykje betre måte enn i dag. Når vi etter kvart deler inn i mindre arbeidsgrupper vil desse også nytte seg av prosjektstyringsverktøyet i sitt arbeid – slik all dokumentasjon og arbeid er tilgjengeleg mellom dei ulike delprosjekta i samanslåinga.

2. Presentasjon av føringar i kommunelova, og drøfting av erfaringar med utvalsmodeller i dei fem kommunane.

Koordinator for gruppa gav ein gjennomgang over kva slags rammer kommunelova gjev i høve til val av utvalsstruktur.

Det er særleg distinksjonen mellom ein såkalla «hovudutvalsmodell», og det som i siste tiåra har blitt kjent som «komitémodellen», som er naudsynt å merke seg. Sjølv om grunnstrukturen i hovudutvalsmodellen framleis er mykje utbredt i landet, finnast det få eksempel på kommunestyre som opererer med ein reindyrka hovudutvalsmodell eller reindyrka komitémodell. Utfordringa for nye Ålesund blir å finne ein balanse mellom naudsynt arbeidsfordeling og spesialisering i organisasjonen i den nye kommunen. Ein må samstundes unngå silofisering og unødig sektorisering, som kan ha negative ressursmessege, effektivitetsmessege, og tenestemessege konsekvensar.

Presentasjonen av desse dimensjonane gjekk over i ein gjennomgang av kvar enkelt kommune sin nåverande struktur, og erfaringane og synspunkt frå medlemmer i delprosjektet omkring desse. For detaljar om sjølve presentasjonen vises det til vedlagt pdf-dokument om «Utvalsstruktur i nye Ålesund». Eksisterande organisasjonsmodellar vart vist fram på storskjerm, og kvar representant delte erfaringar frå eigne kommunar.

Tor Andresen tok opp fara ved sektortenkning i store utval, og fara for ei ubalanse mellom heilskapleg politikkkutforming og detaljfiksing.

Svein Harsjøen påpeika at det var viktig å sjå på kva vi ynskjer å oppnå med den politiske organisasjonen i nye Ålesund; han påpeika at ingen av representantane frå dei einskilde kommunane har det fulle og heile svaret på kva som er optimalt. Han meinte me må fri oss frå tanken om at vi er på heimebane; i arbeidet med kommunereforma er vi på bortebane alle saman.

Modolf Hareide kommenterte at uavhengig av kva slags utvalsstruktur ein landar på, er det også naudsynt å tenkje grundig gjennom kva slags arbeidsmetodar som skal ligge til grunn for den politiske organisasjonen. Her vil det politiske reglementet spele ei sentral rolle.

Under drøftinga blei organisasjonskart for kvar enkelt kommune henta opp, og representantar for kvar enkelt kommune gav kommentarar.

I høve til strukturen i Haram forklarte Elin Moen og Svein Harsjøen at kommunen gjekk bort frå hovudutvalsmodell på midten av 90-tallet. Formannskapet har stor mynde. Etter fleire utprøvingar

nyttar ein per i dag ad-hoc komitear som blir oppretta etter behov for å finne løysingar på spesifikke politikkområder. Desse blir oppretta på grunnlag av initiativ frå politikarane i formannskapet i samsvar med delegasjonsreglementet.

Harsjøen påpeikte ei utfordring i kommunen ved at ein er ei forholdsvis lita kommune med eit formannskap på sju personar, og at ein difor får nokre få sentrale politikarar som deltar i svært mange aktivitetar. Elin Moen trakk fram at ein positiv konsekvens av dette er at ein får ein heilskapsdimensjon i politiske beslutningar.

I Skodje har ein gått frå ein hovudutval-struktur, via ein komitémodell, til å ta i meir i bruk *ad-hoc utval* jamfør § 10, nr 5. Desse ad hoc-utvala er bredt samansett, og Kari Grindvik informerer om at erfaringane med desse har vært gode. Modolf Hareide påpeiker også at det å inkludere innbyggjarane i slike utval kan sjåast på som en form for *effektiv saksbehandling*. Ved at utvala er breitt samansette, med medlemmer både frå fyrstelinja, frå brukarane og frå kommunal leiing (politisk og administrativ), blir det tilgjengeleggjort og løfta fram kunnskap som kva einskild gruppe ikkje har tilgang til på eigen hand. Komiteen gjev ei saksutgreiing, som så leiar til ei innstilling. Formannskapet orienterast, det blir gjort eventuelle justeringar, og så blir saka lagt fram for kommunestyret som gjer eit vedtak på grunnlag av innstillinga.

Elin Moen spør om ei slik løysing kan fungere i større kommunar, og om den kan skalerast opp for nye Ålesund. Kari Grindvik trur noko slikt er mogleg, og at modellen er godt egna til å løyse «wicked problems», samansette problemkompleks som ikkje er enkle å løyse innanfor ein sektor aleine.

Harsjøen synes modellen er interessant, men peikar på at det nok vil være fleire utfordringar ved å implementere i ei stor kommune. Grindvik peikar på at ein her kan byggje på erfaringar frå Danmark, når ein eventuelt skal skalere opp ei slik ordning.

Det vært drøfta om til dømes kommunedelutvala kan opprette *ad hoc*-komitear for å løyse spesifikke problem.

Gruppa er einige i at særeigne lokale (historiske) kontekstar, og personlig eigenskapar blant medlemmane, kan ha stor betydning for om ei slik organisering lukkast eller ikkje.

Frode Andersen understreka viktigheita av at uansett kva slags modell ein veljar, er det naudsynt at ein unngår dårleg debattkultur, gjennom til dømes mistenkeleggjering av administrasjonen i den nye kommunen. Ein må arbeide slik at ein styrkar tilliten mellom politikarane og administrasjonen, og at ein har respekt for arbeidsfordelinga mellom folkevalte og dei som jobbar med å omsette politiske vedtak til praksis. Det politiske reglementet vil spele ei sentral rolle i dette. Her er det også grenseflater opp mot arbeidet i P1 Kulturbygging.

Øistein Tvedt viste til at representantane i delprosjektet tilsynelatande ønskja seg dei same effektane (god informasjonsflyt, effektiv arbeidsfordeling og gode vilkår for politikutforming), uavhengig av kva slags modell ein veljar til slutt. Basert på eigne erfaringar frå Ålesund trakk Tvedt også fram viktigheten av å leggje til rette for langsiktig strategisk arbeid og planlegging. Dette var noko av rasjonalet bak val av utvalsmodell i Ålesund kommune. Han vekta særlig behovet for at dei mange gode planane som blir brukt mykje krefter på å utvikle både politisk og administrativt, også blir styrande over lengre tid. Tvedt understreka også at det er naudsynt at politikarane blir involvert tidlig nok i prosessane, og at dei får tid. Gjennom arbeidet i utvala får dei moglegheit til å spesialisere seg innanfor særskilte tema (saksmengda er såpass stor at ei tematisk arbeidsfordeling er naudsynt på det politiske feltet). Samtidig er det opplagte utfordringar ved silotenking i ei slik organisering. Han skildra og behovet for å synleggjøre politisk usamde før planar vært drøfta i bystyret, og nødvendigheita av eit sterkare politisk eigarskap til planane. Han trur at grunnstrukturen i Ålesund kan fungere godt, men at ein slik modell i så fall må supplerast med «krydder», til dømes i form av

I Ålesund har for eksempel formannskapet fungert som planutval før 2015, og fungerte som et driftsstyre som kunne ta tak i aktuelle saker. Tveit forklarte også korleis gruppeleiarane for de største partia sitter i formannskapet og dermed kan føre en tettare dialog med rådmann.

Svein Harsjøen ville at delprosjektet måtte ha i bakhovudet at man skal bygge noe større enn det vi har per i dag i de fem kommunane, samtidig vil det være uklokt å lage en revolusjon der ingen kjenner seg igjen.

Irene Kalstad Aase viste til tidlegare ordveksling om viktigheten av personlig kvalifikasjonar til å lede utvals/komitéarbeid, og man må avklare på kva måte utvals- og komitéleiarar innstillast, og i kva slags grad en skal akseptere prosesser prega av kjøpslåing mellom ulike politiske parti etc. Geir Skodje tok opp korleis rolla til den einskilde folkevalte blir større i den nye kommunen, og at ein veljar ein modell som legger godt til rette for politisk arbeid, og sikrar rekruttering til politiske verv.

Mot slutten av møtet blei gruppa einig om at koordinator for delprosjektet teiknar opp eit 'skal' av ein modell for politisk struktur, basert på det som kom fram i drøftinga, som så kan fyllast med innhald og brukast til å eksperimentere med i utredningsprosessen. Denne modellen kan sjåast på lenka dykk har mottatt på e-post.

Her er det mogleg for kvar einskild å kopiere modellen, utforske han, og redigere modellen slik delprosjektrepresentantane ynskjer. Tilfør gjerne ein kort kommentar om styrkar og svakheiter med produktet. Desse skal blir brukt vidare i neste samling i delprosjektet, og når vi skal samanlikne strukturer frå andre kommunar i inn- og utland.

Mads Solberg - Ålesund, 25.8.17